



SANDE KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Sande rådhus - Formannskapssalen
Dato: 19.10.2017
Tid: 08.00 – 11.15

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Myklebust	Leiar	
Linda Solveig Dyrhol	Nestleiar	
Wenche Gjerde Sætre	Medlem	
Gro Brandal	Medlem	

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn
Asbjørn Støylen

Varamedlemmar som møtte:

Namn
Åshild Nes Myklebust

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Oddbjørn Indregård	Konst. rådmann. I sak 31, 32, 33 og 34.
Kjell Martin Vikene	Brannsjef. I sak 31 og 33 (deler av saka).
Torhild Aakre Støylen	Personalsjef. I sak 33 (deler av saka).

SAKLISTE

- SAK 28/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 29/17 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 30/17 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017
- SAK 31/17 TILSYNSRAPPORT – KOMMUNAL BEREDSKAPSPLIKT
- SAK 32/17 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2018
- SAK 33/17 ORIENTERINGAR FRÅ RÅDMANNEN
- SAK 34/17 ØKONOMIRAPPORT PER 31.08.2017
- SAK 35/17 BRUK AV HASTEPARAGRAFEN
- SAK 36/17 OFFENTLEGHEIT I KOMMUNAL SEKTOR
- SAK 37/17 SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS
- SAK 38/17 REVISJONSPLANLEGGING 2017 – FINANSIELL REVISJON
- SAK 39/17 UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

SAK 28/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sakene vert å behandle i denne rekkefølga: 28, 29, 30, 32, 31, 33, 34, 35, 36, 37, 38, 39.

SAK 29/17 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Møteprotokollen frå møtet den 05.09.2017 vert godkjent.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet den 05.09.2017.

SAK 30/17 GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2017

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.
2. Kontrollutvalet oppmodar kommunen om å publisere møteprotokollane frå Ungdomsrådet på kommunen si heimeside.

Saksopplysning

Gjennomgang av møteprotokollar er oppfølging av vedtak, samt at avvik som t.d. habilitet, sakshandsaming, opplysningar m.v. gir kontrollutvalet grunnlag for å ta opp tilhøve i kommunen.

Møteprotokollar til gjennomgang:

Kommunestyret	19.09
Formannskapet	05.09 03.10
Råd for likestilling av funksjonshemma	02.10
Eldrerådet	09.10
Administrasjonsutvalet	05.09

SAK 31/17 TILSYNSRAPPORT – KOMMUNAL BEREDSKAP

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek tilsynsrapport av 31.01.2017 vedkomande Kommunal beredskapslikt til vitende.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om tilbakemelding med dokumentasjon (korrespondansen med Fylkesmannen) på korleis avvika er lukka.
3. Kontrollutvalet ber rådmannen oversende kommunen sitt Risiko- og sårbarheitsbilde.

Vedlegg

1. Fylkesmannen – Rapport etter tilsyn – Kommunal beredskapsplikt. Datert 31.01.2017
2. Forskrift om kommunal beredskapsplikt

Saksopplysning

Fylkesmannen utførte tilsyn med Sande kommune 17.11.2016. Føremålet med tilsynet er å sjå til om Sande kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt

Tilsynet avdekte to avvik. Tre forhold er kommenterte som merknader.

Avvik nr. 1

Sande kommune sin heilskaplege ROS-analyse oppfyller ikkje forskriftskrava.

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er den viktigaste berebjelken i den kommunale beredskapsplikta, og forskrift om kommunal beredskapsplikt listar i § 2 opp ei rekkje minimumskrav til kva ROS-analysen skal innehalde. ROS-analysen knytt til arealdelen går gjennom viktige risikoforhold i kommunen, og dannar eit godt grunnlag å ferdigstille ein heilskapleg ROS-analyse. Analysen manglar oversikt over ROS-faktorar utanfor kommunen, korleis svikt i kritisk infrastruktur vil påverke kommunen, vurdering av kommunen sin evne til å oppretthalde eigen drift ved uønskte hendingar og vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering.

Avvik nr. 2

Sande kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

Planverket oppfyller ikkje kravet om at det skal ta utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen og kravet om at det skal samordne og integrere øvrige beredskapsplanar i kommunen.

Merknad nr. 1

Kommunen bør:

- Forankre ny heilskapleg ROS analyse tettare i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt, i tråd med DSB sin rettleiar for heilskapleg ROS.
- Inkludere plan for oppfølging av funn og tiltak i prosessen med revisjon av den heilskaplege ROS-analysen, og gjerne i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar.

Merknad nr. 2

Kommunen bør:

- Styrke kriseplanen si samordning og intergrering av øvrige beredskapsplanar, jf. førre tilsynsrapport.
- Vurdere å flytte varslingslister og ressursoversikter til CIM.
- Vurdere å oppdatere sin plan for befolkningsvarsling i tråd med tilgjengeleg teknologi som kommunen allereie brukar, som UMS til SMS-varsling.
- Vurdere ei betre beskriving av korleis kommunen skal informere sine tilsette ved kriser og uønska hendingar.

Merknad nr. 3

Kommunen bør:

- Vurdere å utarbeide eit oversiktsdokument/styringsdokument som kan fungere som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Eit slikt styringsdokument kan fungere som eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet, og vil kunne imøtekome to av avvika frå tilsynet. Det vil og styrke fleire forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, med der kommunen har forbetringspotensial – for eksempel:
 - Rutinar for faste møte i kriseleiinga
 - Rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar
 - Rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar

Kommunen har frist til 31.12.2017 for å lukke avvika.

I møtet

Rådmann og teknisk sjef møtte og orienterte.

SAK 32/17 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve kr. 40.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2018. Leiar og møtegodtgjersle kjem i tillegg.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Budsjett for Vest kontroll – sekretariat for kontrollutval vert vedteke av styret for selskapet (samarbeidet). Dette budsjettvedtaket legg rådmannen inn i kommunebudsjettet. Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferansar.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»

I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2018 pålydande kr. 40.000,-. Dette er same nivå som føregåande år.

Større særskilde tiltak/saker slik som gransking og større forvaltningsrevisjonar er halde utan om dette budsjettet. Her gjeld hovudregelen om at kontrollutvalet i førekant søker kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttrauma til tilsynsorganet. (Kontrollutvalsboka 2016:16)

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

SAK 33/17 ORIENTERINGAR FRÅ RÅDMANNEN

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek orienteringane vedkomande brannvern og permisjonsreglementet til vitende.
2. Kontrollutvalet registrerer at det er tilhøve i brannvernet som ikkje er i samsvar med gjeldande regelverk, og ber kommunen ordne opp snarast.
3. Kontrollutvalet oppmodar kommunen å oppdatere permisjonsreglementet.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysning

Kontrollutvalet tok i sist møte opp at dei ville ha orientering frå rådmannen vedkomande brannvern og permisjonsreglementet.

Rådmannen møtte i lag med brannsjefen for å orientere om brannvern, og personalsjefen for å orientere om permisjonsreglementet.

I møtet

Rådmann og brannsjef orienterte og svara på spørsmål vedkomande brannvern.

Dei er klar over at alt ikkje er samsvar med regelverket. Dei har eit svært motivert brannkorps – men fleire manglar teoretisk kompetanseopplæring (kurs). Frå komande årsskifte vil kommunen få ny brannbil og då vil også ny innsatsleiar vere på plass.

Største støttespelarane i brannvern er kommunane Herøy, Ulstein og Vanylven.

Leiaren i kontrollutvalet presiserte at det viktig at regelverket vert følgt.

Rådmann og personalsjef orienterte og svara på spørsmål vedkomande permisjonsreglementet.

Det kom fram at reglementet bør gjennomgåast og oppdaterast.

SAK 34/17 ØKONOMIRAPPORT PER 31.08.2017

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek kommunestyresak 48/17 Økonomirapport per 31.08.2017 til vitende.

Vedlegg

Økonomirapport per 31.08.2017

Saksopplysning

Økonomirapport pr 31.08.2017 var behandla i kommunestyret den 19.09.2017 – sak 48/17.

Kommunestyret gjorde slikt vedtak:

«Sande kommunestyre tek Økonomirapport pr 31. august 2017 til vitande»

Sektorane og einingane må fortsette arbeidet med kostnadskontroll for å halde fastsette rammer.»

Det er nok grunn til å tolke kommunestyrevedtaket slik at fastsette rammer skal haldast og det er og samsvar med kommunelova § 46 Krav til årsbudsjettet sitt innhald og særleg pkt 1 om årsbudsjettet som bindande plan og pkt 3 om at årsbudsjettet skal vere realistisk og fastsetjast på grunnlag av dei inntekter og utgifter som kan forventast i budsjettåret.

Når det gjeld sjølve saksutgreiinga viser ein til rådmannen si utgreiing i saka – som ligg ved.

I møtet

Rådmannen orienterte.

Det er ut til at «budsjettet» stort sett er i balanse.

SAK 35/17 BRUK AV HASTEPARAGRAFFEN

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber ordfører og rådmann snarleg kome med skriftleg utgreiing på avgjera om å fatte vedtak etter kommunelova § 13 (hasteparagraffen) i formannskapssak 70/17: Gjerdsvika hamn – Skjønnt sagt av Søre Sunnmøre Tingrett, Vedtak etter § 13 i kommunelova (hasteparagraffen).

Vedlegg

1. Kommuneloven med kommentarer av Overå og Bernt. Om § 13 Utvida mynde i hastesaker.
2. Kommunestyret. *Møteprotokoll frå møtet 19.09.2017.*
3. Vestlandsnytt. *Utklipp «Feil bruk av hasteparagrafen».*

Saksopplysning

I møteprotokollen frå kommunestyret den 19.09.2017 går det fram flg. protokolltilførsel frå Olav Myklebust, leiar i kontrollutvalet, Sp:
«Formannskapet gjorde i sak 70/17 vedtak etter Kommunelova § 13 (hasteparagraffen).

Det går fram av saksutgreiinga at kommunen vart orientert om skjønnet vedr. Gjerdsvika hamn allereie 04.07.2017.

Sakshandsaminga og bruken av hasteparagrafen er slik feil.

Kontrollutvalet vil til neste møte be om skriftleg utgreiing frå ordfører og rådmann på denne avgjera.»

Det er to viktige tilhøve som er vilkår for å nytte «hasteparagrafen»:

- Om kommunestyret har delegert slik mynde til formannskapet. *Kommunestyret har i Delegeringsreglement, vedteke i K-sak 56/11 den 01.11.2017, i Delegering til formannskapet under pkt: « 2 Oppgåver og mynde c) vedteke: Formannskapet har mynde til å gjere vedtak i saker som skulle ha vore gjort av anna organ, når det er naudsynt at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn dette – jfr. § 13 i kommunelova.»*
Det er med dette klarlagt at formannskapet har nødvendig mynde.
- Om det ikkje var tid til å kalle inn kommunestyret før avgjer vart fatta. *Det går fram av kommunelova § 13 og av delegasjonsvedtaket at vedtak ikkje kan gjerast av formannskapet med mindre det ikkje er tid til å kalle inn kommunestyret.*

Formannskapet behandla saka den 22.08.2017, ca. 1,5 månad etter at kommunen var kjent med skjønnet. Det er då ikkje tvil om at det var mulig å kalle inn kommunestyret til eit ekstra møte for å avgjere saka.

Formannskapet kan då ha fatta eit ikkje lovleg vedtak i denne saka, og det er difor på sin plass at ordfører og rådmann, jf. protokolltilførselen i kommunestyret den 19.09.2017 frå Olav Myklebust om ei skriftleg utgreiing frå ordfører og rådmann bør kome. Kontrollutvalet bør deretter vurdere å sjå på saka på nytt – alt etter kva som kjem fram i ordfører og rådmann si grunngiving.

SAK 36/17 OFFENTLEGHEIT I KOMMUNAL SEKTOR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ser offentlegheit i kommunal sektor som eit svært viktig område kommune må ha kontinuerlig fokus på.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om ei tilbakemelding på spørsmåla stilt i saka under punkta dokumentoffentlegheit og møteoffentlegheit, innan **13.11.2017**.
3. Kontrollutvalet ber ordførar og rådmann om skriftleg tilbakemelding innan **13.11.2017** på kvifor møta om omstillingsarbeidet, i forpliktande plan for å kome ut av Robek, den 22.08.17 og 17.10.2017 ikkje vart sett på saklista til formannskapet (som og er styringsgruppe), og inngikk i det ordinære formannskapsmøte, om kvifor møta var lukka, om det vart vurdert meiroffentlegheit på saksdokumenta (rapportane).

Saksopplysning

Det følgjer av Grunnlova sin paragraf 100 at alle som hovudregel har rett til innsyn i forvaltninga sine saksdokument og rett til å oververe møter i folkevalde organ.

I Grunnlova sin paragraf 100 fjerde til sjette ledd står det:

«Forhåndssensur og andre forebyggjende forholdsregler kan ikke benyttes med mindre det er nødvendig for å beskytte barn og unge mot skadelig påvirkning fra levende bilder. Brevsensur kan ikke settes i verk utenfor anstalter.

Enhver har rett til innsyn i statens og kommunenes dokumenter og til å følge forhandlingene i rettsmøter og folkevalgte organer. Det kan i lov fastsettes begrensninger i denne rett ut fra hensyn til personvern og av andre tungtveiende grunner.

Det påligger statens myndigheter å legge forholdene til rette for en åpen og opplyst offentlig samtale.»

Dette er nærmare regulert i lovgivninga.

Mellom anna viser ein til formålsparagrafen i Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova), der det heiter: «Formålet med lova er å leggje til rette for at offentleg verksemd er open og gjennomsiktig, for slik å styrkje informasjons- og yringsfridommen, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte, tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta. Lova skal òg leggje til rette for vidarebruk av offentleg informasjon.»

Møteoffentligheit er viktig for allmenta sitt innsyn i forvaltninga.

Bestemmelsar som regulerer spørsmål om møteoffentligheit finn ein i Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) sin §31.

Vidare står det i Lov om arkiv (arkivlova) at formålet med denne er «...å tryggja arkiv som har monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at desse kan verta tekne vare på og gjorde tilgjengelege for ettertida.»

Innanfor offentlegheit i kommunal sektor er det nokre problemstillingar i høve arkiv, dokumentoffentlegheit og møteoffentlegheit som ein møter att i fleire saker og som er ein gjengangar i fleire kommunar.

Dette reiser spørsmål som ein ser kan vere aktuelle for kontrollutvalet å stille til kommunen:

- **Dokumentoffentlegheit**
 1. Har kommunen skriftlege rutinar for skjerming av informasjon i postlista?
 2. Har kommunen skriftlege rutinar for å vurdere informasjon etter prinsippet om meirinnsyn?
 3. Har kommunen skriftlege rutinar for handsaming av krav om innsyn?

- **Møteoffentlegheit**

1. Har kommunen system og rutinar som sikrar kunngjering av politiske møter på ein føremålstenleg måte?
2. Har kommunen skriftlege prosedyrar for lukking av møter i folkevalde organ?
3. Har dei folkevalde motteke tilstrekkeleg opplæring om teieplikt og lukka/opne møter?

I møtet

Det vart i møtet reist spørsmål om møta vedkomande styringsgruppa for å kome ut av Robek ikkje inngikk i det ordinære formannskapsmøtet, kvifor innkallinga kun vart gjort på e-post og om det var vurdert om rapportane eller deler av desse (meiroffentlegheit) var vurdert.

SAK 37/17 SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet går inn for å få utført selskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS. Kontrollutvalet føreset at dei tre andre eigarkommunane vert med på kontrollen.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet i Hareid gjorde i sak 36/17 slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber sekretariatet ta opp med kontrollutvala i Ulstein, Herøy og Sande om felles selskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.»

I første omgang gjeld dette å få klargjort om alle dei fire kontrollutvala kan verte samde om ein kontroll. Dersom alle er samde om ein kontroll tek vi seinare opp plan for kontrollen.

SAK 38/17 REVISJONSPLANLEGGING 2017 - FINANSIELL REVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2017 – finansiell revisjon, for Sande kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Vedlegg

- B-dokument. Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. Motteke 11.10.2017 (**Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.**)
Vert sendt pr. post.

Saksopplysningar

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2017. Dette for å utføre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.

Planleggingsdokumentet består av flg. dokument (som er **unnateke off. innsyn**):

- Oppdragsvurdering
- Beskrivelse av verksemda
- Risikoanalyse
- Fastsetjing av vesentlegheitsgrense
- Bemanning og budsjettert forbruk

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til B-dokumentet. Debatten om lukking av møtet vart halden for lukka dører. Dørene vart så opna og kontrollutvalet røysta over

forslaget om lukking. Med heimel i Kommuneleova § 31, nr. 2, jf. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr. 2 vart det samrøystes vedteke å drøfte saka for lukka dører.

Etter gjennomgangen/spørsmål vedkomande planleggingsdokumentet vart møtet vedteke opna igjen.

SAK 39/17 UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vart vald Wenche Gjerde Sætre.

Møtet slutt.

OLAV MYKLEBUST
Leiar

WENCHE GJERDE SÆTRE
Medlem

Utskrift til:

Kommunestyret som melding.

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Rådmann – til orientering.

Ordførar – til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.